

Avs: Kåre Ivar Ovedal
Litleli 33
4440 TONSTAD

Til OED
postmottak@oed.dep.no

Høyringsuttale vedr. Nasjonal rammeplan for vindkraft på land.

Kort om meg sjølv:

Eg er fødd og oppvaksen i Ovedal i Sirdal, 1946 modell. Har budd på Tonstad sidan 1972. Eg har gått mye i heia mellom Josdal og Oftedal, dvs området som nå bl.a. omfattar Tonstad og Buheii vindparkar, og er godt kjend der. Det har vore «mi» hei. Er grunneigar i Ovedal og Øksendal, og har hytter her.

Eg har arbeidd i kraftbransjen, Sira-Kvina kraftselskap, i 33 år. Har vore medlem i Sirdal viltneemd i 20-30 år, medlem i Hovudutval for teknikk, landbruk og miljø, og i Representantskapet for VAE, nå Agder Energi.

Når det gjeld vindkraft på land i Norge, så må det avvisast på det sterkaste! Konesjonar som er gitt etter nåverande reglar (viss det finst reglar) viser at det er fullstendig anarki i bransjen. Eg byggjer denne påstanden på erfaringa frå Tonstad vindpark, som eg har fylgt i ca 10 år, og som nå nærmar seg slutten.

Ein mistar fullstendig respekten for lov og rett når ein ser korleis dei kan fara fram. Det meste av området som nå utgjer Tonstad vindpark, var såkalla INON-område. Men det betydde ingen ting i denne saken! Rødlista hubroreir fekk ein radius på 1, ein, km rundt seg! – liksom at den ikkje flyg lenger – kven trur på det?

Reinsdyr blir nærmast å betrakta som «hellige dyr» i visse samanhengar, og Norge er pliktige til å ta vare på dei, men Tonstad vindpark blei prioritert framfor plikten vår for reinsdyra. Det er den sørlegaste villreinstammen i Europa, som enkelte år når det f.eks. er ising i høgfjellet, som kan trekkja her. Trekket her sør går gjennom Buheii vindpark i Kvinesdal kommune, som det er gitt konsesjon på, men som dei der nå prøver å få trekt tilbake.

Det biologiske mangfoldet blir ikkje teke omsyn til når det er snakk om vind- «parkar»!

Når det gjeld Tonstad vindpark så vil eg påpeika at skriftlege avtalar inngått med kommunen ikkje blir haldne. F.eks blei høgden på turbinane auka frå 140 meter til 204 m, utan ny synlighetsberekning, trass i klagar både frå kommunen og private. Tonstad vindpark hadde gitt munnleg lovnad på befarng, og skriftleg erklæring umiddelbart etterpå, om at ingen turbinar skulle vera synlege frå Øksendal. NVE svara på klagane at auken var utan konsekvensar for omgivelsane, så det var unødvendig med både synlighetskart og konsekvensutgreiing. OED godtok også dette utan vidare. Turbinane blir bygde på fjelltoppane – kven trur på at ei høgding på 60 m ikkje har konsekvensar for omgivelsane? Dei blir i alle fall synlege frå Øksendal, som var lova det motsette!! Vindturbinane blir bygde på dei høgaste fjelltoppane, som blir avspregnde og planerte for turbinane, og er synlege i milevis omkrins.

«Motorvegar», i alt 45 km, går til desse toppane. Store fjellskjeringar og steinfyllingar gjennom myrar og fiskevatn. Sprengstein ligg rundt i terrenget meir enn 100 meter frå vegen. Når NVE skal ta seg av miljøet, er det «bukken som passar havresekken», og resultatet ser vi tydeleg.

Når det gjeld 132 kV-linja frå transformatorstasjonen til Ersmyra som har påkopling til sentralnettet, ein avstand på 15 km, så legg den beslag på $15000 \text{ m} \times 30 \text{ m} = 450\,000 \text{ m}^2 = 450 \text{ da}$. Den burde ha vore lagt i jordkabel! I tillegg etiske og miljøkonsekvensar: linjene er som snarer som står oppe

heile året og dreper fugl. Eksempel til samanlikning: Oftedal kraftverk, eit vannkraftverk som ligg nede i bygda Oftedal rett ned og vest for trafoen til Tonstad vindpark, kostnad ca 50 mill, blei pålagt å leggja kabel i Sirdalsvatnet og kopla seg på linja på vestsida av Sirdalsvatnet. Det hadde vore kortare for Tonstad vindpark dit. Tonstad vindpark har ein kalkyle på 2milliardar, så det hadde bare vore som peanuts å rekna for dei i høve til kostnaden til Oftedal. Men Tonstad vindpark slapp krav om slikt! Kven byggjer vi ut for? Hovudsakleg for tyskarane, som sel krafta vidare. Kven tener på det? Noen få utbyggjarar, her er det Havgul, som sel anlegget vidare til franske Engie, som igjen sel 80 % vidare til sveitsisk pensjonsfond.

Så er det dei som som ligg nært til vindturbinar og får ulemper som støy, iskast, visuelt med rotasjon, skuggekast og solblink. Desse burde få erstatning fullt ut for verditap, og ikkje som nå at dei blir tilbodne «knappar og glansbilete». Folk i grenda går ikkje på heia bare for å sitja inne i hytta!

Når ein ser kva firma som får konsesjon, tener på dette, slik som Norsk vind som har teke ut 500 mill. i utbytte på 3 år pluss dei utanlandske investorane, så vil ikkje eg vera med på å øydeleggja naturen for slike!! I tillegg så er det eg som brukar av straum, som betaler for å øydeleggja naturen vår, og noen få langt vekke frå som tener seg rike på andres/ vår bekostning!

Når ein kjem med godt grunngjevne planar til Buheia vindpark, så gidd ikkje OED eingong å svara anna enn at «fordelene er større enn ulempene». Eg spør: Fordelar for kven?? I tillegg så når ein ser korleis samanblandinga er mellom folka i NVE, Multiconsult og vindkraftsselskapa – dei har arbeidd om einannan, så er det vel helst på «kanten», om ein ville gå systemet nøye etter .

Dette var litt av mi erfaring med Tonstad vindpark. Eg har lært mye om uredelighet og dårleg/ useriøs saksbehandling gjennom dette.

Henstillinga mi etter dette vedr. Rammeplan for vindkraft på land er klar:

Som samtlege kommunar i begge Agder-fylka har sagt NEI til denne planen, så må også OED, regjering og storting **ta folkeviljen på alvor og droppa alle vindkraftplanar her!**

For de vil vel at det fortsatt skal bu folk her i distrikta også i framtida?

Tonstad 30.09.2019.

Frå

Kåre Ivar Ovedal.